

# Kven er Buddha — for den kristne?

AASULV LANDE

Når spørsmålet om Buddhas rolle for den kristne dukkar opp i Vesten har det sine grunnar. Internasjonal kommunikasjon, etnisk mobilitet, folkeflytting har ført til stendig sterkare kulturell og religiøs pluralisme. Mange er påverka av ulike religiøse tradisjonar og søker å formidle mellom desse. Dessutan — og det er kanskje det mest interessante — har den veksande religiös-kulturelle pluralitet blitt kombinert med tankar om demokrati og alle menneskes like verd. Demokrati og likeverd motverkar også førestillingar om at sanninga bare fins i ein religion. Ein kan med andre ord ikkje lenger rekne Gautama Buddha for ein svakare frelsar enn Jesus Kristus utan å kjenne seg diskriminerande og udemokratisk. I motsetning til buddhisme har kristendom operert med absolutte og monopoliserte sanningar. Dette gjeld i særleg grad kristendommen i Vesten. Trass denne sterke arven blir folk i vestlege kristne samanhengar meir og meir prega av relative og plurale sanningsbegrep. Det er i dag ei vanleg oppfatning at ulike religiøse tradisjonar, har eller i det minste kan ha, likt verde.

## Reicheldebatten

Kastar vi eit blikk på skandinavisk diskusjon om buddhisme og kristendom, dukkar misjonæren Karl Ludvig Reichelt (1877–1952) straks opp i synsfellet. Som misjonsprest i Kina i første halvdel av førre hundreåret følgde han progressive idear i samtidas missiologi og såg Jesus Kristus, sanninga, uttrykt i ulike religionar. I kinesisk samanheng kunne det handle om konfucianisme og taoisme, og heilt særleg buddhisme. Kristus var imidlertid ikkje for Reichelt jamstilt med Buddha — Kristus var det totale og endelege uttrykk for sanninga, som Buddha representerte

til ein viss grad. Inspiret av gresk logosfilosofi og tradisjonen frå den fornkyrkjelege apologeten Justinus Martyr meinte han at Buddha — som Sokrates og Platon — hadde glimtar av det fullkomne guddommelege logos, Kristus. Kristi glans strålte også — i ein viss grad — i Buddha. Reichelt var imidlertid ikkje opptatt av kva Buddha betydde for den kristne — han var opptatt av kva Kristus betydde for buddhisten. Med sin fornkyrkjelege teologi frå Justinus Martyrs *logos spermatikos* streka han visjonært under at Buddha eigentleg var ein vegvisar til Kristus; ja, at Kristus fullkommengjorde den frelse Buddha i viss mon kunne tilby.

I Skandinavia har det blitt hevdat at hovudsyn i debatten om misjonæren Karl Ludvig Reichelt. Debatten har naturleg nok ikkje stått om Buddhas rolle for den kristne. Den har inntil dei siste år vore uaktuell. Ein har på Reichelts og hans samtids premissar diskutert Kristi rolle for buddhisten. At buddhisten var frelst i sin buddhisme var det ikkje tale om i den offentlege, nordiske diskurs. Problemet var derimot om buddhismen var antitese eller førstadium til kristendommen. Var Buddha ein heidendommens løgnar og bedragar? Eller var han ein profet som pekte på Kristus? Hadde Buddha Johannes døyparen funksjon overfor sine tilhengarar — for å føre dei fram til «brudgommen» Jesus Kristus?

Filip Riisager har i to bøker «Forventning og opfyldelse» og seinare «Lotusblomsten og korset» tatt opp kinamisjonæren Reichelt og hans syn på buddhismen. Han tar i begge bøkene ein kritisk ståstad ut frå luthersk — særleg grundtvigiansk — teologi. Den siste boka er den grundigaste og handlar om ein norsk, kyrkjepolitisk konflikt: utskiljinga av Reichelts «buddhistmisjon» frå Det norske misjonsrådet. I arbeidet inngår ein presentasjon av Reichelts misjonsteologi 1926–29 og ei vurdering av hans kristologi.

Dessutan tar han for seg buddhistmisjonens praksis. Dette fører til refleksjon over og vurdering av Reichelts forhold til buddhisme, og til taoistiske og synkretistiske sekter.

Riisager legg vekt på Reichelts bakgrunn i hellenistisk logosfilosofi, og noe han kallar ein sterkt platoniserande tendens. Ut frå eit luthersk/grundtvigsk utgangspunkt konkluderer han at Reichelt representerte eit «afsvækket» syndsbegrep og ein typisk «enkeltmandskristendom»:

For Reichelt drejer det sig altid om «hin enkelte» — også i forhold til menigheten. Med sit pietistiske utgangspunkt, hvor det drejer sig om den enkeltes afgørelse og gudsforhold, er Reichelt alle dage mere enkeltmandskristen end menigheds-kristen, mere åndsbeslægtet med med Søren Kierkegaard, hvis tanker han da også i nogen grad blev påvirket av under gennemgangen av Gisle Johnssons «Pistik» på missionsskolen i Stavanger, end han er beslægtet med Grundtvig.

Tankegangen er da at Reichelts syn på buddhismen med dens «logos spermatikos» er dogmatisk fattig. Kriteriet er den dansk-lutherske tradisjon. Riisager nekter ikkje i bøkene sine Buddhas mogelege rolle som vegvisar til Kristus. Derimot meiner han altså at den Kristus Reichelt lar Buddha peke på er ein «afsvækket» Kristus.

Andre har sett meir positivt på Reichelts kristusbilde — t.eks. Håkan Eilert i doktoravhandlinga om Reichelt, «Boundlessness» frå 1974. I ei populær reichelt-tolking i «Det dialogiske imperativet» skriv han om ulike dimensjonar av buddhistisk kristen dialog, tolka for svensk religiøs situasjon. Eilert meiner at Reichelt «ådagalägger ett religiöst sensorium som bevakar gudomlig närväro inom ramen för buddhismen». Han legg positiv vekt på at Reichelt «betraktade sig som ett vitne till och en medarbetare i den Guds mission som drog genom världen och erkannerligen genom Ostasien». Jamfört med Riisager har såleis Eilert eit klart positivt syn på det kristusbilde Reichelt formidla.

## Buddhas rolle for vestens kristne — skandinavisk perspektiv

I lys av internasjonale religiøse forandringar har aktuell debatt om Buddha i Vestens kristendom

skifta tema. Buddhas profetiske rolle for den kristne er framleis brennaktuelt — men det dreier seg ikkje lenger om Buddhas rolle i buddhistiske konverteringsprosessar til kristendom. Det handlar i dag om Buddhas rolle for den tradisjonelle, vestlege kristne. Ei stor forandring har funne stad. Buddhas profetisme har fått ein mykje vidare og allmenn kristen relevans.

Håkan Eilert har i fleire bøker peika på buddhismen som inspirasjon og fornying for den vestlege kristne. Ei særleg interesse finn han i den zen kristne dialogen. Etter å ha tolka zen-filosofane Kitaro Nishida og Keiji Nishitani saman med den buddhistiske misjonären Daisetsu Suzuki, konkluderar Eilert med at «samtalet mellan zen och kristendom ... utmynnar ... i en förundran över det tomma tillståndets fullhet. Vägen dit kan vara lång och törnbeströdd. Men vittnen och spanare i gränslandet mellan öst och väst tycks entydigt omväntta att religionens inre dimension tydliggöres i en kenosis process i vilken centrum, mål och avsikt faller i bakgrunden .... dialogen mellan zen och kristendomen blir som mest löftesrik när den bringar oss ur balans, påfordrar uppdrag och nytänkande».

Notto Reidar Thelle har i norsk samanheng arbeidd ut frå same utgangspunkt i populære oppbyggingsbøker. Også for Thelle inspirerer buddhismen vestleg kristendom særleg gjennom meditasjonen — zen. I artikkelen «Kontemplativ Stillhet — fornyelse for vår tid?» er kontemplativiteten — med impliserte linjer til buddhismen t.d. Nishitani Keiji, tolka ut frå kristne oppbyggelege perspektiv.

Av særleg interesse i svensk samanheng er imidlertid Pelle Bengtsson arbeid «Mot enkelt-hetens punkt», skrive på oppdrag frå 1993 av dåverande biskop i Lund stift, KG Hammar. Bengtsson framhever «enkelhetens punkt» — eit punkt der mennesket bryt gjennom det sjølvopptatte ego og fester seg i djupare dimensjonar av sjølvet. Dette sjølvet er samtidig eit samband med jorda og med alle menneske. I boka møtes zen-buddhisme og kristendom. Andre som illustrerer sambandet er Hammarskiölds *Vägmärken*, eller personar som Meister Eckhart og Johannes av Korset. Viktig er «En uppmaning att leva upp-märksamt». Det handlar også om «kontakt utan mellanhender». Det er eit typisk zenmotiv — og her er t.eks. Gundula Meyers undervisning om

zen nemnt. Samstundes er denne enkelheten kalla ein tilstand av «inre oreserverat öppenhet».

Pelle Bengtsson knyttar lenger ute i boka til förestillingar hos mystikaren Meister Eckhart om guddommen som «ohöld», «naken» och «oberörd», tar fram kenosetanken frå Phil 2, 5–11 og seier at denne uttømming av seg sjølv har si rot og sitt opphav i Gud. Med tydelege referanse til zenbuddhistisk terminologi seier han at Gud blir «ingen».

Zeninspirasjonen går såleis for Pelle Bengtsson som for Thelle og delvis Eilert inn i ein vid kontekst av kristen mystikk. Buddha blir ein av fleire vegvisarar for kristne mot eit liv i «enkelhet». Den milde og mjuke Buddha får her rolla som ein kristen profet.

## Buddhas og Kristi interaksjon — eit tysk perspektiv

Av tyske kristne teologar som har gått inn i problematikken om Buddhas rolle for den kristne nemner eg særleg presten Armin Münch og München-professoren Michael von Brück. Desse kombinerer tanken om Buddhas profesjonelle rolle med tanken om Buddha som frelsar.

Eit interessant perspektiv er Armin Münchs *dimensjonale* tenking. Han relaterer religiøs tenking saman med andre tanketradisjonar til romlege førestillingar. Eksempelvis tar han utgangspunkt i den tyske religionsfilosofen Ulrich Mann som fann dimensjonale begrep fruktbare i komparativ religiøs forskning. Münch finn også parallellear hos Paul Tillich når sistnemnde talar om Gud «i tilværets djup». Eit tredje eksempel for Münch er japanmisjonæren Hugo Enomiya Lasalle (1889–1990) som opererte med den fjerde dimensjon: tid. Lasalle fann denne i zen buddhismens mystikk såvel som i andre tradisjoner og tala om mennesket i gjennombrot til eit nytt medvet som uttrykk for tidsdimensjonen.

Begrepet viser seg naturleg og fruktbart i kristen teologi — det fell naturleg for Münch å tale om vegar oppover «Eg løfter mine auge opp mot fjella» eller om vegar nedover: «Kvar kjem mi hjelp frå?» (Gud stig ned). Ikkje mindre fruktbart er begrepet i buddhismen. Her tar Armin Münch utgangspunkt i den gammaltestamentlege metafor å «gripe Gud bakfrå» — «Gott

im Rücken». Dette blir eit uttrykk for buddhismens, særleg den zen-inspirerte Kyoto-skolens filosofi. Buddhismen blir sett som «rørsle bakover» (Rückwärtsbewegung) medan kristendommen opptrer som ei «framoverretta rørsle» (Vorwärtsdynamik).

Desse komparative oppstillingane er også relevante for vårt spørsmål om Buddha for den kristne. Ein kan imidlertid ikkje her tale om Buddha som profet, ein må heller bruke rollene pedagog eller lærar. For Münch handlar Buddhas rolle for den kristne om å formidle kunnskap. Buddha formidlar ikkje primært profetens bod men den vises innsikt som omfattar «det andre». Dermed blir «det andre»s realitet påtrengande. Forfattaren spør: handlar det eigentleg om «Zwei Meister — Eine Botschaft»? Eller er buddhismen og kristendommen ulike? Etter å ha tatt opp parallelle begrep i religionane: «kenose» (uttømming), «sunyata» (det tomme), og motsetningspar som «form» og «tomhet», tar han opp «sjølvet», «buddhanaturen» og «visjon». Men den lange rekka av jamføringar og kontrastar fører ikkje Münch til noen buddhistisk-kristen synthese. David Tracys metafor om ein analogi av ulike vegar finn han heller ikkje fullt ut tilfredsstillande. Til slutt knytter Münch til den indiske, ekumeniske teologen Stanley Samartha og seier:

Jede Religion hat Gott ganz (totus Deus) aber nicht den ganzen Gott (totum Deum). Man könnte daher sagen: Buddha und Christus verkörpern zwei transreligiöse Wege zu Gott bzw zu Wirklichkeit. (s 304).

Hos Münch har vi altså andre Buddha-roller enn det vi hittil har omtalt. Buddha og Kristus er to ulike frelsarar. Buddha formidlar visdom for den kristne — det viser sjølve det faktum at ei slik komparativ bok er skriven. Men dessutan legg Armin Münch vekt på jamstillinga mellom frelsarane. Buddha og Kristus er ikkje partnarar, Münch strekar undar at to frelsarar tilbyr ulik frelse. Men dei har i prinsippet lik status. Buddha er frelsar for buddhistar og Kristus for kristne. Frelestypane har radikalt ulik karakter men er ikkje desto mindre soteriologisk jamstilte.

Michael von Brücks tankar går i same retning. I boka «Buddhismus und Christentum» blir dei ulike relasjonar mellom buddhisme og kris-

tendom framstilt sofistiskert og mangsidig. Dialogen mellom religionane får ei framtredande rolle. Buddha og Kristus må stå i eit ymsesidig forhold til kvarandre. Begge religionar kan dermed lære å utvikle sin eigenart. Buddha er vismann og vegvisar for kristne — medan Kristus får ei motsvarande rolle, med litt andre nyansar, for buddhistar. Von Brück samanfattar i ein seinare artikkel sine synspunkt om Buddhas rolle i kristendommen med at den kristne møter Buddha «in der Tiefe des Geistes». Buddha er ingen frelsar for den kristne, men ein spegel for det sant og universelt menneskelege. Buddha er «eine stabile und erprobte Brücke an das andere Ufer» som kan mötast i ein spiritualitet av kristen fridom og djup respekt for Buddha.

Medan han held fast at Kristus og Buddha har ulike sosiale roller og ulik lære, talar han likevel om ein «Einheit in Verschiedenheit». Ved å streke under at denne einskap formidlas i hjartans inste, der Jesus og Buddha gjensidig kan inspirere ulike trusperspektiv, knytter han tilbake til det zen-orienterte «skandinaviske» synet, som eg ovanfor har referert. Men likevel sprenger han den skandinaviske tanken med å streke under jamstillinga mellom Buddha og Kristus. Buddha inspirerer nok den kristne — men den omvende prosess har også sin naturlege plass. Buddha og Kristus er begge «den andre» for kvarandre.

## Ulike aksentar i skandinavisk og tysk buddhatolking

Samanfattande ser ein for det første at Buddhas rolle for den kristne har fått ein sentral og allmenn plass i dagens europeiske kristenhett. Eksempla illustrerer at Buddha er blitt ein viktig del av nyare skandinavisk og tysk kristen spiritualitet. Buddha er *vismann* og *vegvisar for kristne*. I skandinavisk samanheng kan Buddha kallas ein *kristen profet*. Dei nyare nordiske eksempel sluttar med perspektivet «Buddha for kristne» — medan dei to tyske teologar går eit steg lenger. Dei talar om ein *vekselverknad* mellom kristendom og buddhisme. For Armin Münch og Michael von Brück er Buddha og Kristus i tillegg *jamstilte frelsarar* for sine respektive tilhengarar. Men den frelse dei tilbyr er av ulik karakter. Buddha blir ikkje sett på som

frelsespartnar i noen av desse representative arbeida. Förestillinga om medfrelsarar frå andre religionar vil for dei fleste falle inn under kategorien synkretisme — eit negativt ord i vestlege, kristne kretsar.

Det er tydeleg at den buddhistisk-kristne kommunikasjon har verka kreativ for skandinaviske kristne. I fornyande begeistring blir Buddha tilkjent rolla som vegvisar og profet. Dette perspektivet er så dominerande at den omvendte rolla — Kristi rolle for buddhistane — Reichelts perspektiv — bare i liten grad blir berørt. Kvifor den demokratiske jamstilling mellom religionane så blir sterkare framheva av tyske teologar framstår for meg som interessant. Er det fordi buddhismen på kontinentet står sterke og derfor fører til eit tydelegare behov for balanse mellom religionane? Er det også ein tysk teologisk arv av meir religiøs komparativ og interaktiv karakter — eksempelvis frå Pannenberg — som gjer seg gjeldande? Eller er tyske teologar meir demokratiske enn skandinaviske?

## Litteratur

- Bengtsson, Pelle, *Mot enkelhetens punkt — anteckningar från vägkanten*. Arcus, Lund 1999.
- von Brück, Michael & Whalen Lai, *Buddhismus und Christentum. Geschichte, Konfrontation, Dialog*. C.H. Beck Verlag, München 1997. — «Wer ist Buddha für Christen?» i Perry Schmidt-Leukel (red), *Wer ist Buddha? Eine Gestalt und ihre Bedeutung für die Menschheit* (Schriftenreihe der Gesellschaft für Europeisch-asiatische Kulturbeziehungen [GEAK]). Diederichs Verlag, München 1998.
- Eilert, Håkan, *Boundlessness*. Förlaget Aros, Århus 1974. — *Det dialogiska imperativet*. Arcus, Lund 1995.
- Münch, Armin, *Dimensionen der Leere. Gott als Nichts und Nichts als Gott im christlich-buddhistischen Dialog*. Lit. Verlag, Münster 1976.
- Riisager, Filip, *Forventning og opfyldelse*, Forlaget Aros, Århus 1973. — *Lotusblomsten og Korset*. Gads Forlag, København 1998.
- Thelle, Notto Reidar, *Hjem kan stoppe vinden*. Universitetsforlaget, Oslo 1991. — *Ditt ansikt søker jeg*. Oriens Forlag, Oslo 1993. — «Kontemplativ Stillhet — fornyelse for vår tid?» i Ernst Marbakk og Filip Riisager, *Veien videre. Buddhistmisjonens Forlag*, Oslo 1997.